

ORDENSREGLAR FOR STORD KULTURHUS

Stord kulturhus er ein møteplass for kultur, opplevingar og fellesskap. Kulturhuset er primært meint for gjester som nyttar tilboda og aktivitetane i huset.

For at alle skal kjenna seg trygge og trivast, forventar me at alle følgjer desse ordensreglane.

Vis omsyn og respekt

Alle gjester skal visa omsyn og respekt for andre gjester, utøvarar og tilsette.

Dette inneber mellom anna å:

- opptre høfleg og respektfullt
- følgja beskjedar og rettleiing frå tilsette ved Stord kulturhus

Uakseptabel åtferd er ikkje tillate

Følgjande åtferd er ikkje tillate i Stord kulturhus:

- bråkande, truande eller aggressiv åtferd
- trakassering, sjikane eller krenkjande språk
- vald eller trugslar om vald
- hærverk eller skade på bygning, inventar eller utstyr
- tjuveri eller annan kriminell verksemd
- åtferd som er til vesentleg sjananse for andre
- bruk, sal eller openbert påverknad av alkohol eller andre rusmiddel

Bruk av rusmiddel er forbudt

Personar som er synleg påverka av rusmiddel, eller som nyttar rusmiddel i lokala, vil bli bedne om å forlata kulturhuset.

Mat/Takeaway-mat skal ikkje etast i Stord kulturhus.

Reaksjonar ved brot på reglane

Ved brot på ordensreglane kan tilsette:

- gje munnleg åtvaring
- be personen forlata kulturhuset

Bortvising skjer for å sikra tryggleik, ro og forsvarleg drift.

Ved alvorlege hendingar, eller dersom ein person nektar å forlata bygget, kan politiet bli kontakta.

Gjentekne eller alvorlege brot

Gjentekne eller alvorlege brot på ordensreglane kan føra til:

- mellombels skriftleg utestenging frå kulturhuset (for personar under 18 år vil føresette bli varsla)
- politimelding der dette er aktuelt

Takk for at du bidreg til eit trygt og triveleg kulturhus for alle 😊